

Regionalt kompetansehevingsprogram i forbetningskunnskap

2017




Utgangspunktet

Klinikarar trenger ein annan type kompetanse for å forbetre helsetenesta enn den dei får gjennom studiene.


Ein del pasienttryggleikstiltak inngår i profesjonskunnskap, mens læren om korleis du implementerer ny beste praksis utgjer kunnskapsdomenet forbetningskunnskap.

Stoltz og Batalden understreker derfor at forbetningskunnskap må sjås på som eit eige kunnskapsfelt som må supplere profesjonskunnskapen. Dei beskriv også korleis kunnskap om system, variasjon, psykologi og erfaringslæring (småskaletesting) er nødvendig for effektiv og kontinuerlig forbetring av klinisk praksis.




Batalden og Stoltz (1993)

Etter inspirasjon og modell av East London NHS Foundation trust



Modell for kompetansebygging i Helse Vest



* Måltall settes av føretaka



Basiskunnskap i forbetningsmetodikk

Mål:

Alle medarbeidarar har grunnopplæring:

- Kjennskap til kva pasienttryggleik innebærer i eigen eining.
- Kjennskap til forbetningsmetodikk som metode for å implementere beste praksis og for forbetningar.

Tiltak: (I hovudsak lokalt ansvar)

- Fagdagar, fokusdagar
- Lokale undervisningsopplegg
- **Pocket QI**
- «Hurtigkurs», er under utvikling



Læringsmål:

- Identifisere utfordringar
- Sette mål
- Forstå prosessar
- Forstå målingar
- Prøve ut tiltak i liten skala





Leing av forbetningsarbeid

Mål:

Alle **leiarar** har grunnopplæring, samt kunnskap om forbetningsleing. Kunnskap om risiko i eigen avdeling, «risikoleiing» og kunnskap om verktøy som kan brukes til å handtere risiko.

Tiltak:

Lokalt ansvar:

- Tema på leiarsamlinger (1 per år).
- Styremøter/seminar
- Leiarmøter, direktørmøter, fagdirektørmøter
- Lokal leiaropplæring er under planlegging i helseføretaka

Regionalt ansvar:

- Leiarseminar i pasienttryggleik og forbetningsmetodikk

For mellomleiarar (nivå 3 og 4, funksjonsleiar eller fagutviklingsjukepleiar). Ca to gonger i året.



Kompetanse:

- Identifisere utfordringar
- Sette mål og etterspørre målingar
- Forstå målingar og resultat
- Iverksettje tiltak og prøve dei ut i liten skala
- Forstå prosessar
- Skape kultur for kontinuerleg forbetring
- Kunne prioritere forbetningsprosjekt
- Kunnskap om teamdynamikk



Læringsmål :

Etter å ha delteke på seminaret skal deltakerane ha god forståing for ansvaret ein som leiar har for pasienttryggleik, grunnleggjande kunnskap om forbetningsmetodikk og implementering og kjennskap til arbeidet som blir gjort i Program for pasienttryggleik i Helse Vest.



Forbetningskompetanse

Mål:

Alle **klinikkar** har x* antall medarbeidarar med forbetningsutdanning. Desse har kompetanse i forbedringsmetodikk og kunnskap om målingar og variasjon. * Måltall settes av foretakene selv

Regionalt ansvar:

- **Regional forbedringsutdanning**

Utdanninga byggjer på *The Improvement Advisor Professional Development program* frå Institute for Healthcare Improvement (IHI) i USA og *Nordisk forbedringsagentutdannelse* frå Dansk selskab for pasientsikkerhet/Helsedirektoratet.

Utdanninga gir kompetanse i systematisk forbetring og bruk av statistisk prosesskontroll (SPC) og alle deltakerane skal gjennomføre eit klinisk forbetringsarbeid i utdanningsløpet. Forbetringsutdanninga består av tre obligatoriske samlingar, over to dagar, samt telefonmøter og obligatoriske innleveringar mellom samlingane.

Kull 1: 30 kandidater (57 søkere) oppstart august 2017.

Den regionale utdanninga er eit supplement til dei nasjonale og internasjonale utdanningane i regi av Pasientsikkerhetsprogrammet. Vi har hatt 47 kandidater igjennom disse utdanningene, men vi treng å auke volumet.

- **Nasjonal pocket QI**

Denne er underplanlegging.

Organisering:

- Bruker egne ressursar til rettleiing (tidligere forbetringsagentar, eller legeföreninga si forbedringsutdanning eller The Scottish fellowship.).
- På samlingane er innleiarar ein miks av lokale krefter og innleiarar frå East London NSH Foundation trust, Rigshospitalet i København og King's College.

Læringsmål:

- leie forbetringsarbeid
- sette konkrete, talfesta og tidfesta mål for forbetringsarbeidet
- bruke spesifikke metodar for å teste nye arbeidsprosessar og rutinar
- bruke ulike metodar for å spreie forbetringar og halde fast på oppnådde resultat
- bruke målingar for å sjå om ei endring er ei forbetring
- føre forbetringskompetansen vidare til kollegaer i helsetenesta



Veilederkunnskap

Mål:

Alle føretak har x^* medarbeidarar med veilederkunnskap i forbetningsmetodikk.

- Forbetningskompetanse
- kunne veilede forbetningsprosjekt
- Kunnskap om statistisk prosesskontroll (SPC)

* Måltall settes av foretakene selv

Regionalt ansvar:

Regional veilederutdanning

Utdanninga byggjer vidare på den regionale forbetningsutdanninga.

Utdanninga er under utvikling i samarbeid med East London NSH Foundation Trust.

Oppstart hausten 2018.



Læringsmål:

- Djup forståing for forbetningsmetodikk
- Inngående kjennskap til SPC
- Gode veilederevner
- Kan fasilitere og undervise i forbedringsarbeid



**Pasienttryggleik
Mitt ansvar!**